

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Oppstryn
Dato: 12.12.2014
Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon |
|------------------|------------|
| Ivar Kvalen | Styreleiar |
| Sven Flo | Nestleiar |
| Gunnvor A. Sunde | Medlem |
| Oddmund Klakegg | Medlem |
| Eline Orheim | Medlem |

Følgjande medlemmar meldte forfall:

| Namn | Funksjon |
|-------------------------|----------|
| Karen Marie Hjelmeseter | Medlem |
| Olve Grotle | Medlem |
| Einar Målsnes | Medlem |
| Nils P. Støyva | Vara |
| Turid Vallestad | Vara |
| Kari Bolstad | Vara |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|------------------------|------------------------------------|
| Anne Rudsengen | Statens naturoppsyn Jostedalsbreen |
| Christian E. Pettersen | Nasjonalparkforvaltar/sekretær |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|---------------------------|---|--------------|--------------------------|
| ST 21/14 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 22/14 | Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll | | |
| ST 23/14 | Orienteringar | | |
| ST 24/14 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan for 2015 | | 2014/4520 |
| ST 25/14 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - bestillingsdialogen for 2015 (A og B-skjema) | | 2014/4510 |

ST 21/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsskogen nasjonalparkstyre - 12.12.2014

Handsaming i møte

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

ST 22/14 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 12.12.2014

Handsaming i møte

Ivar Kvalen føreslo Eline Orheim og Sven Flo til å underskrive protokollen.

Vedtak

Eline Orheim og Sven Flo vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Møteleiar Ivar Kvalen må også skrive under.

Samrøystes vedteke.

ST 23/14 Orienteringar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 12.12.2014

SNO sin årsrapport

Anne Rudsengen la fram årsrapporten for 2013 og fortalte om det store spennet i aktivitetar som oppsynet har vore involvert i, både i og utanfor nasjonalparken. Rapporten vart delt ut på møtet, men vil også bli lagt ut på heimesida til styret. To utfyllande rapporter vart også presentert, ein på arbeidet i Kamperhamrane og ein på stien til Flatbrehytta. Styret gav gode tilbakemeldingar på alt arbeidet som har vore utført.

Referat frå møte med fagleg rådgjevande utval

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt fagleg rådgjevande utval (FRU) hadde møte i Stardalen den 27. oktober, og styret fekk framlagt referatet i si heilskap under styremøtet. Styret melde frå til forvaltar at dei ønskjer at heile styret skal delta på neste møte med FRU.

Status for forvaltningsplanarbeidet

Oppstartsfasen er gjennomført, men sjølv skrivearbeidet har ikkje kome i gang. Forhåpentlegvis vert det tid til å gå i gang med dette på nyåret.

Presentasjon av rapport frå Utmarksressurs

Forvaltaren presenterte rapporten «Kartlegging av kulturminne og landbruks- og turismerelatert næring inne i, og i randsona av Jostedalsbreen nasjonalpark». Rapporten vert lagt ut på heimesida til nasjonalparkstyret

Nytt elektronisk system for innlevering av reiserekningar og honorarskjema

Systemet gjer at forvaltaren ikkje lenger behøver å handsame reiserekningar og honorarskjema, og i staden kan nytte denne tida på andre oppgåver. Styret vert presentert for systemet på neste styremøte med fysisk oppmøte.

Søknad om oppføring av sikringsbu ved Skålatårnet

Forvaltaren orienterte om byggesøknad frå Bergen og Hordaland turlag. Søknaden gjeld oppføring av sikringshytte ved Skålatårnet. Søknaden vart lagt fram som ein orienteringssak fordi det ikkje vart tid til å handsame saka før møtet.

Under orienteringa vart det klart at styret ønskjer eit møte med turlaget før søknaden vert handsama. Årsaka til dette er at styret meiner at viktige innspel frå dialogmøtet 4. september 2014 ikkje er fanga opp i tilstrekkeleg grad i søknaden. Det er i hovudsak utforminga og plasseringa av bygget som vert framheva som problematisk. Det vart samstundes understreka at styret er positive til oppføring av sikringsbu ved Skålatårnet, og at dei vil forsøke å bidra i vidare planlegging.

Ivaretaking av sel på Erdalssetra

Forvaltaren orienterte om motteke førespurnad der nasjonalparkstyret vert oppmoda om å engasjere seg i ivaretakinga av sel på Erdalssetra, og bad om å verte opplyst om styret si innstilling til dette.

Styret gjorde det klart at dei er positive til at nasjonalparken kan leggje til rette for at setrene innanfor nasjonalparken vert ivaretatt.

ST 24/14 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan for 2015

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 12.12.2014

Innstilling frå forvaltaren

Saka vart lagt fram utan innstilling, men med eit utkast til diskusjon.

Handsaming i møte

Styret fekk framlagt følgjande skjema på styremøtet. Kvart enkelt innspel/tiltak i planen, samt prioriteringsrekkefølga vart vurdert av styret. Fleire styremedlemer stilte spørsmål ved om innspelet frå Bødalen sameige skulle vere med i tiltaksplanen til nasjonalparken, og det vart teken ut av den vedtekne tiltaksplanen. Også innspelet frå nasjonalparksenteret i Oppstryn vart gjenstand for diskusjon, og det vart konkludert med at tiltaket kan vere med i planen under føresetnad av at Miljødirektoratet kan bekrefte at det fell innanfor postføremålet. Når det gjeld fjerning av gran i Sunndalen vart dette tatt ut av planen av di forvaltaren ikkje har kome langt nok i planlegginga av tiltaket. Det skal i staden vere eit mål å få tiltaket inn i planen neste år. Av planane i innspelet frå Setrevegen i Erdal vart stiarbeidet tatt med i tiltaksplanen, mens vegvedlikehaldet vart teken ut.

| TILTAKSPLAN FOR JOSTEDALSBEEN NASJONALPARK 2014-2017 | | | | | Sist endret: 9.12.2014 | | | | | |
|--|---------------------------|---|-----------|---|--|---|--------------------------------------|-----------------------|------------------------|---|
| Verneområdenavn + naturbase-id | Tiltakskategori | Kort beskrivelse av tiltak | Prioritet | Finansiering | Samarbeids-aktører | Hvem gjennomfører tiltaket? | Gjennomføringsperiode (2014-2017) | Intervall (eventuelt) | Kostnads-overslag (kr) | Merknad/kommentar |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Skilting for å informere om farane ved breane | 1 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | SNO | Nasjonalparkforvaltar /SNO | 2015 | | 30 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Slutføre stiu t betring i Oldeskaret | 2 | SNO- bestillingsdialog | Grunneigarar/DNT/ SNO/forvaltar/ reiseliv | Entreprenør | 2014: kr 400 000 2015: kr 280 000 | | 280 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Slutføre stiu t betring i Lundeskaret | 3 | SNO- bestillingsdialog | Grunneigarar/DNT/ SNO/forvaltar/ reiseliv | Entreprenør | 2014: kr 500 000 2015: kr 180 000 | | 180 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Barnas naturoppsyn | 4 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | SNO | Nasjonalparkforvaltar /SNO | 2015 | | 10 000 | Undervisningsopplegg i samarbeid med SNO og verneområdeforvaltarar for Jotunheimen og Breheimen |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Kartlegging og overvåking | Prosjekt for å leite etter spor/ gjenstandar som smelter fram frå brear og isfonner | 5 | SNO- bestillingsdialog/ Styret/Universitetet i Bergen | Universitetet i Bergen/SNO/Sogn og Fjordane fylkeskommune | Universitetet i Bergen/SNO/Sogn og Fjordane fylkeskommune | 2015 | | 60 000 | Sjå presentasjon frå møte i fagleg rådgevande utval 2014 (primært dei siste fire-fem lysarka) |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Uthenting av bos frå gammal ekspedisjonleir, Røykjedalsbandet | 6 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Norsk Bremuseum/SNO/ Nottingham University Mountaineering Club | SNO/Nottingham University Mountaineering Club | 2015 | | 20 000 | Ein gjeng frå Nottingham University Mountaineering Club kartla og sorterte noko av boset i sommar |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Skjøtsel av vegetasjon | Rydde kulturlandskapet på Selflata og nordover ved Sunddalssetra | 7 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Sunddalssetra grunneigarlag | Sunddalssetra grunneigarlag | 2014: kr 15 000 2015: kr 15 000 | | 15 000 | Midlar til å fortsette, ev. fullføre ryddinga av kulturlandskapet ved Sunddalssetra |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Uttak av fremmede arter | Fjerne gran i Sunddalen | 8 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Grunneigarar/ bygdelag/SNO | Grunneigarar/ bygdelag/SNO | 2014: kr 30 000 2015: kr 30 000 | | 30 000 | Midlar til fortsette, ev. fullføre granfjerna i Sunddalen |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Skjøtsel av vegetasjon | Rydding av beitemark og stiar i Erdalen | 9 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Erdalen Beitelag | Erdalen Beitelag | 2015 | | 12 500 | |

| | | | | | | | | | |
|-----------------------------|-----------------|---|----|---|--|-----------------------------------|--------------------------------------|---------|--|
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Kvannebakbu | 10 | Styret/Røde Kors | Jølster Røde Kors | Jølster Røde Kors | 2013: kr 27 000 2015: kr 10 000 | 10 000 | Viktig utbetaling for å ivareta funksjon som nødbu. Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Oppføring av utedo ved Haugafjellstølen | 11 | Grunneigar/ grunneigarlag/styret | Grunneigar/ grunneigarlag | Grunneigar/ grunneigarlag | 2015 | 10 000 | Stølen ligg langs mykje brukt tursti |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Utbetne stien til Steinmannen | 12 | SNO- bestillingsdialog | Grunneigarar/SNO/ forvaltar/Røde Kors | Entreprenør | 2015 | 300 000 | Sjå rapport for restaurering av gamle ferdselsveger |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | To bruer i Langedalen | 13 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | DNT/SNO | Grunneigarar/ entreprenør | 2015 | 30 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Trekanthytta på Steinmannen | 14 | Styret/Røde Kors | Hafslo Røde Kors | Hafslo Røde Kors | 2013: kr 50 000 2015: kr 50 000 | 50 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Vedlikehald av traktorveg og sti i Erdalen | 15 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Setrevegen i Erdal | Setrevegen i Erdal | 2015 | 28 000 | Grusing av traktorveg, rydding av vegetasjon langs traktorveg og sti, drenering av vatn ved sti |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Oppføring av sikringsbu ved Skålatårnet | 16 | Bergen og Hordaland Turlag/styret/andre | Bergen og Hordaland Turlag | Bergen og Hordaland Turlag | 2015: kr 200 000 2016: kr 200 000 | 400 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Asfaltering av veg til Bødalsetra | 17 | Bødal sameige/styret | Bødal sameige | Bødal sameige | 2015 | 300 000 | Asfaltering frå Tverrelva og opp, samt anlegging av møteplassar |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Rasteplass og informasjon ved nasjonalpark-senteret på Fosnes | 18 | Nasjonalparksenter et/SNO/Styret | Jostedalsbreen nasjonalparksenter | Jostedalsbreen nasjonalparksenter | 2014 | 675 000 | Jostedalsbreen nasjonalparksenter har utarbeida detaljert prosjektskildring med kostnadsoverlag |

Vedtak

Tiltaksplanen for Jostedalbreen nasjonalpark, slik den ser ut i skjemaet under, vart samrøystes vedteken. Tiltaket spelt inn av nasjonalparksenteret i Oppstryn vert fjerna frå planen dersom Miljødirektoratet ikkje kan bekrefte at det ligg innanfor postføremålet.

TILTAKSPLAN FOR JOSTEDALSBEEN NASJONALPARK 2014-2017

| Verneområdenavn + naturbase-id | Tiltakskategori | Kort beskrivelse av tiltak | Prioritet | Finansiering | Samarbeids-aktører | Hvem gjennomfører tiltaket? | Gjennomføringsperiode (2014-2017) | Intervall (eventuelt) | Kostnads-overslag (kr) | Merknad/kommentar |
|--------------------------------|---------------------------|---|-----------|---|--|---|--------------------------------------|-----------------------|------------------------|---|
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Skilting for å informere om farane ved breane | 1 | SNO-bestillingsdialog/ Styret | SNO | Nasjonalparkforvaltar /SNO | 2015 | | 30 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Slutføre stiutbetring i Oldeskaret | 2 | SNO-bestillingsdialog | Grunneigarar/DNT/ SNO/forvaltar/ reiseliv | Entreprenør | 2014: kr 400 000 2015: kr 280 000 | | 280 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Slutføre stiutbetring i Lundeskaret | 3 | SNO-bestillingsdialog | Grunneigarar/DNT/ SNO/forvaltar/ reiseliv | Entreprenør | 2014: kr 500 000 2015: kr 180 000 | | 180 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Barnas naturoppsyn | 4 | SNO-bestillingsdialog/ Styret | SNO | Nasjonalparkforvaltar /SNO | 2015 | | 10 000 | Undervisningsopplegg i samarbeid med SNO og verneområdeforvaltarar for Jotunheimen og Breheimen |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Kartlegging og overvåking | Prosjekt for å leite etter spor/ gjenstandar som smelter fram frå brear og isfonner | 5 | SNO-bestillingsdialog/ Styret/Universitetet i Bergen | Universitetet i Bergen/SNO/Sogn og Fjordane fylkeskommune | Universitetet i Bergen/SNO/Sogn og Fjordane fylkeskommune | 2015 | | 60 000 | Sjå presentasjon frå møte i fagleg rådgjevande utval 2014 (primært dei siste fire-fem lysarka) |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Uthenting av bos frå gammal ekspedisjonleir, Røykjedalsbandet | 6 | SNO-bestillingsdialog/ Styret | Norsk Bremuseum/SNO/ Nottingham University Mountaineering Club | SNO/Nottingham University Mountaineering Club | 2015 | | 20 000 | Ein gjeng frå Nottingham University Mountaineering Club kartla og sorterte noko av boset i sommar |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Skjøtsel av vegetasjon | Rydde kulturlandskapet på Selflata og nordover ved Sunndalsetra | 7 | SNO-bestillingsdialog/ Styret | Sunndalssetra grunneigarlag | Sunndalssetra grunneigarlag | 2014: kr 15 000 2015: kr 15 000 | | 15 000 | Midlar til å fortsette, ev. fullføre ryddinga av kulturlandskapet ved Sunndalssetra |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Skjøtsel av vegetasjon | Rydding av beitemark og stiar i Erdalen | 9 | SNO-bestillingsdialog/ Styret | Erdalen Beitelag | Erdalen Beitelag | 2015 | | 12 500 | |

| | | | | | | | | | |
|-----------------------------|------------------------|--|----|---|--|-----------------------------------|--------------------------------------|---------|--|
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Skjøtsel av vegetasjon | Rydding av beitemark og stier i Erdalen | 9 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Erdalen Beitelag | Erdalen Beitelag | 2015 | 12 500 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Kvannebakkbu | 10 | Styret/Røde Kors | Jølster Røde Kors | Jølster Røde Kors | 2013: kr 27 000 2015: kr 10 000 | 10 000 | Viktig utbetaling for å ivareta funksjon som nødbu. Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Oppføring av utedo ved Haugafjellstølen | 11 | Grunneigar/ grunneigarlag/styret | Grunneigar/ grunneigarlag | Grunneigar/ grunneigarlag | 2015 | 10 000 | Stølen ligg langs mykje brukt tursti |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Utbetre stien til Steinmannen | 12 | SNO- bestillingsdialog | Grunneigarar/SNO/ forvaltar/Røde Kors | Entreprenør | 2015 | 300 000 | Sjå rapport for restaurering av gamle ferdselsveger |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | To bruer i Langedalen | 13 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | DNT/SNO | Grunneigarar/ entreprenør | 2015 | 30 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Trekanthytta på Steinmannen | 14 | Styret/Røde Kors | Hafslo Røde Kors | Hafslo Røde Kors | 2013: kr 50 000 2015: kr 50 000 | 50 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Vedlikehold av sti i Erdalen | 15 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Setrevegen i Erdal | Setrevegen i Erdal | 2015 | 5 000 | Rydding av vegetasjon og drenering av vatn ved sti |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Oppføring av sikringsbu ved Skålatårnet | 16 | Bergen og Hordaland Turlag/styret/andre | Bergen og Hordaland Turlag | Bergen og Hordaland Turlag | 2015: kr 200 000 2016: kr 200 000 | 400 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Rasteplass og informasjon ved nasjonalparksenteret på Fosnes | 18 | Nasjonalparksenter et/SNO/Styret | Jostedalsbreen nasjonalparksenter | Jostedalsbreen nasjonalparksenter | 2014 | 675 000 | Jostedalsbreen nasjonalparksenter har utarbeida detaljert prosjektskildring med kostnadsoverlag |

ST 25/14 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - bestillingsdialogen for 2015 (A og B-skjema)

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 12.12.2014

Handsaming i møte

Styret sluttar seg til prioriteringane som er gjort i framlagte A og B-skjema.